

Sakshandsamar:

Lars Erik Lunde

E-post: lars.erik.lunde@sfj.no

Tlf.: 57 65 62 54

Vår ref.

Sak nr.: 14/7454-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

37067/14

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 19.11.2014

Notat**Frå:** Fylkesrådmannen**Til:** HS, FU, FT**Tilleggsnotat - Budsjett skredsikring 2015-18 - retting av feil**

Det er oppdaga ein feil i framlegg til budsjettet for skredsikring til prosjektet fv. 337 Bjørnabakken i 2015-2018.

Feilen har konsekvensar for saka om Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) og saka om Skredsikring fv. 722 Flovegen - val av alternativ. Begge desse sakene skal behandlast i fylkestinget i desember.

I saka om Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) er det lagt til grunn følgjande løyvingar til prosjektet fv. 337 Bjørnabakken:

- 2015: 71,8 mill. kr
- 2016: 60,0 mill. kr

Dei riktige løyvingane ut frå vedteke kostnadsoverslag på 249 mill. 2015-kr skal vere følgjande:

- 2015: 76,9 mill. kr
- 2016: 95,0 mill. kr

Den ekstra løyvinga vert finansiert med auka statstilskott og mva. refusjon. Dette gir følgjande investeringsprogram og finansieringsplan for skredsikring:

Investeringsprogram (faste 2015-kr)	SUM I	2015	2016	2017	2018
	PERIODEN				
Fv. 55 Gullringen	121,400		60,400	61,000	
Fv. 152 Allgøya	2,900	2,900			
Fv. 337 Bjørnabakken	171,900	76,900	95,000		
Fv. 152 Alstokka	4,200	4,200			
Fv. 55 Renninganeset - rasvoll Lånefjorden	6,700	6,700			
Mindre skredsikringstiltak - ufordelt	30,000		10,000	10,000	10,000
Sum investering	337,100	90,700	165,400	71,000	10,000

Finansieringsprogram	SUM I PERIODEN	2015	2016	2017	2018
Statleg tilskott	297,400	74,800	145,400	69,100	8,100
Mva. kompensasjon	39,700	15,900	20,000	1,900	1,900
Sum finansiering	337,100	90,700	165,400	71,000	10,000

Fylkesrådmannen legg opp til at budsjettokument og vedtakspunkt i saka vert oppdatert ut frå desse tala.

I saka om Skredsikring fv. 722 Flovegen - val av alternativ er det i kap 3 Vurdering og konsekvensar sagt følgjande:

Justert for bindingar på prosjekt som er sett i gang og vedtekne refusjonar, står det no att om lag 200 mill. kr ufordelt innan ramma på post 62 rassikring fram t.o.m. 2017. I tillegg får fylkeskommunen mva-kompensasjon. Total kan fylkeskommunen difor finansiere prosjekt til ein kostnad på om lag 250 mill. kr. Skredsikring av fv. 722 Flovegen let seg difor ikkje fullfinansiere innanfor ramma til skredsikring i inneverande 4-årsperiode.

Med dei rette tala for løyvingar til fv. 337 Bjørnabakken er tilgjengelege midlar t.o.m. 2017 som ikkje er bunde i oppstarta prosjekt om lag 200 mill. kr, og ikkje 250 mill. kr som sagt i saka. Dette er inkludert midlane til mindre prosjekt som er utfordelt.

Fylkesrådmannen opprettheld tilrådinga som den ligg i saka.